



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 02.11.2023
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 09:15 - 15:45

Denne dagen blir også kommunestyret invitert, slik at dei får lik informasjon som formannskapet om budsjettet som skal leggest ut på høyring.

Men det er formannskapet som formelt står for utlegginga av budsjettframlegget, som skal ut på høyring.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
092/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
093/23	Godkjenning av møteprotokoll
094/23	Orienteringssak
095/23	Kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024
096/23	Rekneskapsrapport for september måned

Dato 27.10.2023

Morten Sognnes
ordfører

Kristin Nesbø
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/23	Formannskapet	PS	02.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	23/1131

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
093/23	Formannskapet	PS	02.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/1131

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 05.10.2023

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
094/23	Formannskapet	PS	02.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	23/1131

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
095/23	Formannskapet	PS	02.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-150	23/1088

Kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024

Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan 2024-2027 (HØP 24-27) og budsjett 2024 blir lagt ut på høyring. Høyringsfrist vert sett til 16. november 2023.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunedirektøren legg fram sitt framlegg til Handlings- og økonomiplan 2024-2027 (HØP 24-27) og budsjett for 2024 i møte 02. november 2023 kl 0900. Møtet vert strøyma slik at alle kan følgja framlegginga.

Kommunestyret og Formannskapet vert invitert til framlegget og formannskapet legg det formelt ut på høyring. Høyringsfrist er sett til 14 dagar til 16. november 2023.

Høyringsinnspel vil liggje ved innstillinga til formannskapet som handsamar HØP 24-27 og budsjett for 2024 i møte 27. november. Formannskapet si innstilling skal vere kjend 14 dagar før endeleg handsaming. Slutthandsaming vil føregå i kommunestyret 14. desember.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
096/23	Formannskapet	PS	02.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-145	23/1133

Rekneskapsrapport for september måned

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Budsjettet skal følgjast opp gjennom budsjettåret, og økonomiske data skal rapporterast inntil kommunestyret og formannskapet etter gjennomgang på alle tenesteområde. Det skal i tillegg rapporterast til det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-StatRapportering).

Rapportering til politisk nivå

Kommunedirektøren har ansvaret for å rapportera om den økonomiske situasjonen til politisk nivå. Ved utgangen av kvar tertial skal Kommunedirektøren leggja fram rapport til kommunestyret, det vert rapportert til formannskapet på månadsnivå. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekkja eventuelle avvik i høve vedtatt årsbudsjett, tiltak for å oppnå balanse, prognose for året, utviklinga innanfor tenesteområda, oppnådde resultat/målsettingar og status på eventuelle politiske vedtak. Dersom det er endringar i budsjettet, skal dette også leggast fram til behandling i tertialrapport. Årets 3.tertialrapport vert lagt fram i desember og er ein forenkla rapport som inneheld eventuelle budsjettjusteringar. Fullstendig rapport for året som inkluderar 3.tertial vert lagt fram med årsmelding. Tertialrapportane skal handsamast i kommunestyret.

Rapportering til administrativ leiing

Den einskilde kommunalsjef skal skriftleg rapportera til kommunedirektøren. Månadsrapportering skal innehalda ei oversikt over periodisert budsjett, forbruk i perioden og avvik for kvar einskild eining. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekka eventuelle avvik i forhold til tildelt ramme i budsjettåret, og tiltak for å oppnå balanse. Økonomikontoret skal bistå i arbeidet, men rapporteringa er eit leiaransvar.

Nasjonal rapportering – KOSTRA

Kommunen skal rapportera rekneskapsdata til Kostra kvartalsvis innan fastsette datoar frå SSB.

Kommunen skal rapportera ut i frå den detaljeringsgrad som er fastsett i vedlegg i forskrifta om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar. Det skal vere oppnemnd ein kostraansvarleg på økonomikontoret som koordinerer innsending av alle data til Kostra.

Vurdering

Det er ein rekkje risikofaktorar som kan påverke økonomien til ein kommune, dei tre største for vår kommune er kostnader knyta til barnevern, renteutgifter og sosiale ytingar. Alle tre er av ein slik art at vi som kommune har liten påverknad. Det som vi må ha fokus frametter er alle dei andre kostnadene kor vi har høve å påverka.

Vi ser at kostnadane knyta til barnevern er aukande og det er ein risiko for at her vil koma kostnader som ikkje ligg inne i årets budsjett, storleiken er ikkje av ein slik art at det vil påverka kommunen sin samla økonomi, men vil påverka kostnadane innanfor budsjettområde Barnevern. Etter september månad er der ingen blålys som gjer at vi må varsle kutt eller andre innsparingar, men fokus må vere at alle som jobbar i Austrheim kommune lever etter den regelen om at ein ikkje brukar meir enn kva ein har fått til rådvelde på budsjetta sine

Vidare så bør ein som kommune ha fokus på å sjå om det er høve å jobbe smartare ved bruk av digitale hjelpemidlar som både gir betre tenester og over tid er med å redusere kostnadane.

Vidare så ser vi at i nokre av våre investeringsprosjekta kor vi får mva-refusjon er nyta nettobeløp i budsjetta mens ein skulle ha nyta bruttobeløp inkl. mva. Til informasjon så får kommunen mva tilbake. Vi vil derfor i samband med 3 tertial måtte gjennomføre fleire budsjettjusteringar på investering slik at ein får justert kostnadsbeløpa til å inkl. mva.

Link til Framsikt [Månadsrapport pr september 2023 \(appublishframsikt-staging.azurewebsites.net\)](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net)

Konklusjon

Kommunedirektøren ber om at kommunestyret tek både rekneskapsrapporten for drift og investering til vitande